


Avtalelengder og tidsbruk i ph.d.-utdanninga

Ei undersøking på grunnlag av data frå Felles studentsystem





Avtalelengder og tidsbruk i ph.d.-utdanninga

Ei undersøking på grunnlag av data frå Felles studentsystem

Redaktør:

Magnus Fodstad-Larsen

Utarbeidd av:

Arne Haugen

Bjarne Mundal

Stig H. Pedersen

Innhald

Samandrag	3
Innleiing	5
Lengda på doktorgradsavtalene.....	6
Lengda på doktorgradsavtaler og ulike finansieringskjelder	9
Oppsummering om avtalelengder - forskrift og praksis	13
Gjennomføring og tidsbruk.....	14
Gjennomføringstid, institusjonar, fagområde og finansieringskjelder.....	14
Gjennomføring og opphavleg avtalelengde	17
Forlenging av doktorgradsavtala – nettotid?	20
Fråfall i doktorgradsutdanninga	22
Rapportering og vidare oppfølging	25
Vedlegg – variabelliste og datahandsaming.....	26
Referansar	28

Samandrag

Dette notatet bruker data frå Felles studentsystem (FS) for å auke kunnskapen om avtalelengder, gjennomføring og fråfall i doktorgradsutdanninga. Registrerte data i FS viser at treårige avtaler er i klårt fleirtal. Av nye avtaler¹ i 2021 var 54 prosent treårige og 37 prosent fireårige. Dette har endra seg lite dei siste ti åra. Som venta er det forskjell mellom kandidatar med ulik finansieringskjelde. For avtaler med hovudfinansiering frå Forskningsrådet eller med anna eksternfinansiering er treårige avtaler i fleirtal med høvesvis 68 og 55 prosent. Når det gjeld finansiering frå Forskningsrådet, ser det ikkje ut til å vere store skilnader mellom institusjonane i kor mange av kandidatane som har eit fjerde år.

Også blant avtaler finansiert over institusjonens eige budsjett, er det fleire treårige enn fireårige avtaler, høvesvis 50 og 46 prosent. Her er skilnadane mellom institusjonane nokså store. Sjølv om nokre institusjonar har klar overvekt av fireårige avtaler i denne kategorien, er det samla bildet for sektoren likevel ikkje i samsvar med formuleringa i forskrifta om fire år som normal åremålsperiode.

I vurderinga av gjennomføring og fråfall legg vi til grunn at grensa for fråfall går ved ti år. Kandidatar med oppstart i 2010 og 2011 og som hadde fullført i løpet av ti år, brukte i gjennomsnitt 4,8 år på doktorgraden. For kandidatar med treårig avtale var gjennomsnitt tidsbruk 4,4 år, medan dei som hadde fireårig avtale, brukte 5,1 år i gjennomsnitt. Vi finner nokre skilnader mellom institusjonane i tidsbruken til kandidatane. Tidsbruken varierer frå 3,9 til 4,6 år for treårige avtaler og frå 4,6 til 5,6 år for fireårige avtaler. Ser vi på fagområde, er tidsbruken kortast innanfor teknologi for begge avtalelengder.

Talet på kandidatar som fullfører innanfor den opphavlege avtalelengda, er lågt og stabilt over tid. Av kandidatar som starta doktorgradsutdanning i perioden 2010–2016 fullførte 15 prosent innanfor avtaletida. Men vi veit at mange har permisjonar og andre fråvær som gjer at avtala vert forlenga. Det finst ikkje i dag gode data som gjer det mogleg å vurdere tidsbruk i eit «nettoperspektiv», det vil seie at ein reknar med utvidingar av doktorgradsavtalen. Slik registrering og rapportering har vore forsøkt, men vart avskaffa frå 2017 på grunn av kompleksitet, arbeidsmengde og kvalitetsutfordringar.

Av kandidatane som starta doktorgradsutdanning i 2010 og 2011, var fråfallet 19 prosent målt etter ti år. Her er skilnadene mellom fagområda store, frå 13 prosent for medisin og helsefag til 29 prosent for humaniora . Til dels store skilnader er det

¹ Utvalet for undersøkinga omfattar mellom 90 og 95 prosent av heile populasjonen.

også mellom finansieringskjeldene. På andre fagområde enn medisin og helsefag er fråfallet klart høgare mellom dei med anna ekstern finansieringskjelde enn Forskningsrådet.

Innleiing

Kunnskapsdepartementet gav i tildelingsbrevet for 2022 Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) i oppdrag å auke kunnskapen om gjennomføringstid og avtalelengder i doktorgradsutdanninga. I styringa av universitet og høgskular har gjennomføring i doktorgradsutdanninga vore målt med styringsparameteren «prosentdel uteksaminerte kandidatar teke opp på doktorgradsprogram seks år tidlegare». Styringsparameteren gjeld «bruttotid», altså tida frå oppstart til avslutning utan omsyn til lengde på avtala eller permisjonar. I denne undersøkinga skal vi sjå på tidsbruk i høve til lengda på avtalene. Vanskelegare er det å ta omsyn til permisjonar og utvidingar av doktorgradsavtalen.² Dei data vi har brukt, tydar på ulik rapportering og usikkert datagrunnlag. I tillegg presenterer vi tal for fordelinga av høvesvis tre- og fireårige avtaler i doktorgradsutdanninga, og prøver å vurdere i kva omfang universitet og høgskular sjølve legg til eit fjerde år der ekstern finansiering er avgrensa til tre år.

I undersøkinga har vi brukt anonymiserte data frå Felles studentsystem (FS) med informasjon om institusjonstilknytning, fagområde, finansieringskategori, dato for oppstart, avtalens opphavlege og eventuelt justerte lengde og dato for innlevering og disputas (sjå vedlegg). Mykje av dette er data som institusjonane rapporterer til HK-dir (DBH) gjennom FS, men den faste rapporteringa inneheld ikkje data om avtalelengde, verken opphavleg eller revidert. Likevel finst desse data i FS hos institusjonane, og for gjennomføringa av prosjektet har institusjonane gitt samtykke til at Sikt – Kunnskapssektorens tenesteleverandør fekk overføre relevante data til HK-dir.³ Totalt omfattar utvalet vårt mellom 90 og 95 prosent av alle doktorgradsavtaler inngått mellom 2010 og 2021.

Notatet presenterer ei rekkje figurar og tabellar om avtalelengder, tidsbruk, gjennomføring og fråfall med data slik dei er registrert av institusjonane. I nokre tilfelle har vi konsultert institusjonar for å få betre forståing av rapporteringskonteksten og særleg iaugefallande variasjonar. I andre tilfelle ser vi variasjonar der vi i mindre grad har kjennskap til lokale institusjonelle eller andre tilhøve som kan kaste lys over data. HK-dir håper notatet og dei data som kjem fram, er eit nyttig grunnlag for dialog og diskusjon i og mellom departement og institusjonar om status og utviklingspotensial i doktorgradsutdanninga.

² <https://lovdata.no/forskrift/2006-01-31-102/§2-3>, samt aml. kap. XII.


³ Alle institusjonar med doktorgradsutdanning og som brukar FS blei spurte. Følgjande institusjonar svarte positivt innan svarfristen, og er med i datagrunnlaget: HiM, HINN, HVL, KHiO, MF, NHH, NIH, NMH, NTNU, NU, OsloMet, UiA, UiB, UiO, UiS, UiT, USN og VID.

Lengda på doktorgradsavtalene

I det følgjande ser vi nærare på lengda på doktorgradsavtalene som vert inngått, om dei har endra seg over tid og om det er skilnader mellom institusjonar, fagområde eller finansieringsform. Her er det altså avtalenes opphavlege lengde som gjeld, utan omsyn til eventuelle utvidingar i løpet av perioden.

Figur 1 viser at noko over halvparten, 54 prosent, av alle doktorgradsavtaler inngått i 2021 hadde tre års lengde. For 37 prosent av avtalene var lengda fire år. Berre ein liten del av avtalene har anna lengde enn tre eller fire år. Ser vi utviklinga over tid, har det vore ei viss forskyving frå fire- til treårige avtaler sidan 2010. Dei siste ti åra har endringane likevel vore små.

Figur 1 Lengda på doktorgradsavtaler etter året avtala er inngått. 2010–2021. Lengda ved inngåing av avtale, utan seinare utvidingar.




Figur 2 og figur 3 under viser lengda på nye doktorgradsavtaler i 2021 per institusjon. Dei tre institusjonane med flest doktorgradsavtaler – NTNU, UiB og UiO – er temmeleg like. Ved alle tre institusjonane er treårige avtaler i fleirtal, med mellom 53 og 58 prosent. Ved NTNU og UiB utgjør fireårige avtaler om lag 40 prosent og om lag 30 prosent ved UiO. Ved sistnemnde institusjon har ti prosent av avtalene ei lengde på fem eller seks år, i hovudsak innanfor medisin og helsefag. Ein del av forklaringa er truleg dobbelkompetanseutdanning, der kandidatane tek ph.d.-utdanning og spesialistutdanning samstundes.

UiT har ein annan lengdeprofil enn NTNU, UiB og UiO. Der er fireårige avtaler klart i fleirtal, med noko under 70 prosent. Berre 20 prosent av nye doktorgradsavtaler ved UiT i 2021 var treårige. UiT oppgir sjølv at fireårige avtaler er eit viktig grep for å

sikre at kandidatane er kvalifiserte som førsteamanuensar ved fullføring.⁴ I kva grad dette skil dei frå andre institusjonar, kan vi ikkje seie noko om. Ein del av forklaringa kan vere at UiT har ein høg prosentdel kandidatar finansiert over eige budsjett samanlikna med andre institusjonar.⁵ Dette er tilfelle om vi ser på UiB og UiO, men ved NTNU er prosentdelen om lag den same som ved UiT.

Figur 2 Nye doktorgradsavtaler 2021 per institusjon. Planlagt lengde. Institusjonar med fleire enn 80 nye avtaler 2021




Figur 3 viser fordelinga av nye doktorgradsavtaler etter lengde ved institusjonar med færre enn 80 nye avtaler i 2021. Her ser vi store skilnader mellom institusjonane. Ved dei nye universiteta er treårige avtaler i klart fleirtal. Ved NU, OsloMet, UiA og UiS utgjorde treårige avtaler mellom 70 og 80 prosent av nye avtaler i 2021. Ved USN, derimot var 55 prosent av avtalene treårige og 43 prosent fireårige, og ei liknande fordeling hadde HINN. HVL skil seg ut blant statlege høgskular og universitet med eit tydeleg fleirtal av fireårige avtaler. Her var heile 75 prosent av avtalene fireårige, medan 25 prosent var treårige. Samstundes er det viktig å vere merksam på at tala for nokre av institusjonane er små, og at variasjonar derfor kan vere større.

⁴ Basert på dialog med UiT

⁵ Sjå Figur 5 under om avtalelengde og finansieringskjelde.

Figur 3 Nye doktorgradsavtaler 2021 per institusjon. Planlagt lengde. Institusjonar med færre enn 80 nye avtaler 2021




Lengda på nye doktorgradsavtaler i 2021 varierer noko mellom fagområde (figur 4). For alle fagområde var gjennomsnittet i 2021 54 prosent treårige og 37 prosent fireårige. Fagområdet humaniora skil seg mest ut frå gjennomsnittet med 77 prosent treårige avtaler og 22 prosent fireårige. Tala for humaniora er i stor grad påverka av UiO, som i vårt utval stod for noko over 40 prosent av alle nye doktorgradsavtaler på fagområdet i 2021. Dialog med UiO tilseier at deira bruk av gjennomføringsstipendet er ein viktig del av forklaringa på tala for humaniora. For fleire år sida innførte UiO gjennomføringsstipendet for å auke fullføringsgraden. Dersom ein er ferdig etter tre år, får ein finansiering i eitt år for å drive karrierefremjande aktivitetar. Dersom ein må forlengje tilsetjinga i eit halvt år, får ein stipend i eit halvt år. Derfor er alle UiOs eigenfinansierte stipendiatar innanfor humaniora tilsett for tre år med opning for eitt års forlenging. Dei einaste i HF sine ph.d.-program som har fire år med 25 prosent arbeidsplikt, er dei som har ekstern arbeidsgjevar.⁶

I motsett ende skil fagområdet samfunnsvitenskap seg ut i tala våre som einaste område med overvekt av fireårige avtaler. Her var 52 prosent fireårige og 45 prosent treårige.

Medisin og helsefag er einaste fagområde der avtaler med lengde utover fire år har relativt stort omfang. Her var 15 prosent av avtalene seksårige (11 prosent) eller femårige (4 prosent).

⁶ Omtalen er basert på dialog med UiO.

Figur 4 Nye doktorgradsavtaler 2021 per fagområde. Planlagt lengde.




Lengda på doktorgradsavtaler og ulike finansieringskilder

I fordelinga av kva finansieringskjelder avtalene er knytt til, skil vi mellom avtaler finansiert gjennom «eiga budsjetttramme» (797 avtaler i 2021), «Norges forskningsråd» (252 avtaler) og «andre eksternfinansierte» (507 avtaler). For alle tre finansieringsformer er treårige avtaler mest utbreidd. Av avtaler finansiert gjennom eiga budsjetttramme var 50 prosent treårige og 46 prosent fireårige. For avtaler finansiert av Norges forskningsråd var i underkant av 70 prosent treårige, og noko under 30 prosent fireårige. Av andre eksternfinansierte⁷ avtaler utgjorde treårige 55 prosent og fireårige 28 prosent. Her er innslaget av andre avtalelengder større, seksårige avtaler sto for 11 prosent av totalen. Desse langvarige avtalene finn vi primært ved medisin på UiO, og arbeidsgjevarane er ulike helseføretak eller sjukehus.

⁷ «Andre eksternfinansierte» omfattar m.a. andre norske institusjonar, andre UH-institusjonar, helseføretak/sjukehus, institutt og utanlandske institusjonar.


Figur 5 Nye doktorgradsavtaler 2021 per finansieringskjelde. Planlagt lengde.



Dei neste figurane viser data fordelt på institusjonsnivå. Figur 6 viser avtalelengder for doktorgradsavtalene institusjonane finansierer innanfor eigne budsjettrammer. Her er skilnadene store. Nokre institusjonar har berre fireårige avtaler, medan andre har berre, eller nesten berre, treårige avtaler. I begge desse gruppene finn vi framfor alt spesialiserte institusjonar med relativt få doktorgradskandidatar. I kvar sin ende av figuren skil høvesvis UiT og UiA seg ut frå dei andre universiteta. Ved UiT har ni av ti doktorgradsavtaler finansiert over eiga budsjettramme fire års lengde. Omvendt er ni av ti avtaler ved UiA treårige. Av universiteta har i tillegg til UiT berre UiB fleire fireårige enn treårige avtaler i denne finansieringskategorien. Av avtaler inngått ved UiB i 2021 og finansiert over eigne budsjettrammer, hadde 63 prosent fire års lengde. Ved NTNU er biletet omvendt, der var 63 prosent av avtalene treårige. Ved UiO var det omtrent like mange fireårige som treårige, med sistnemnde i eit lite fleirtal.

Samstundes må vi ta noko atterhald om at vi ikkje har oversikt over i kva grad institusjonar har ordningar liknande UiO sitt gjennomføringsstipend, som vi omtalte over.


Figur 6 Nye doktorgradsavtaler 2021, planlagt lengde. Finansiering: eiga budsjetttramme. Prosentdel. Sortert etter høgste verdi på treårige avtaler. Viser institusjonar med fleire enn 3 doktorgradsavtaler innanfor denne finansieringskategorien.



For avtaler der Forskningsrådet er hovudfinansieringskjelde, er treårige avtaler det vanlegaste ved alle institusjonar.⁸ Det er likevel nokså store skilnader mellom institusjonane. Ved NTNU, HVL og UiB utgjorde fireårige avtaler om lag 40 prosent, medan UiT og UiS begge hadde mindre enn 15 prosent fireårige avtaler. USN hadde berre treårige avtaler. Også her gjeld atterhaldet om at institusjonar kan legge til eit ekstra år på eit seinare tidspunkt utan at det kjem fram av det datagrunnlaget vi har brukt.


⁸ NU med berre ein avtale i 2021 er halde utanom.

Figur 7 Nye doktorgradsavtaler 2021, planlagt lengde. Finansiering: Norges forskningsråd. Prosentdel. Viser institusjonar med fleire enn tre kandidatar innanfor denne finansieringskategorien.




Mellom avtalene i kategorien «andre eksterntfinansierte», finn vi i tillegg til tre- og fireårige avtaler eit større innslag av lengre avtaler.

Figur 8 Nye doktorgradsavtaler 2021, planlagt lengde. Finansiering: «Andre eksterntfinansierte». Prosentdel. Viser institusjonar med fleire enn tre kandidatar innanfor denne finansieringskategorien.



Det er naturleg å sjå den større variasjonen her i samanheng med mangfaldet av finansieringskjelder som ligg bak desse avtalene (figur 9). Vi ser mellom anna at avtaler finansiert av helseføretak og sjukehus kan vere alt frå to til seks år lange.

Figur 9 Nye doktorgradsavtaler 2021, planlagt lengde. Finansieringskjelde: "Andre eksterntfinansierte". Etter arbeidsgjevartype



Oppsummering om avtalelengder – forskrift og praksis

Forskrift om ansettelsesvilkår for stillinger som postdoktor, stipendiat, vitenskapelig assistent og spesialistkandidat seier følgjande om tilsetjing av stipendiatar (§ 1-3): «Normal åremålsperiode er fire år med 25 prosent pliktarbeid. Ansettelsesperioden skal omfatte tre år med rein doktorgradsutdanning».

I datagrunnlaget vi har brukt, utgjer fireårige avtaler 37 prosent av doktorgradsavtalene, medan treårige avtaler står for 54 prosent. Som venta er det forskjell mellom kandidatar med ulik finansieringskjelde. For avtaler med hovudfinansiering frå Forskningsrådet eller med anna eksterntfinansiering er treårige avtaler i fleirtal med høvesvis 68 og 55 prosent. For begge kategoriane utgjer fireårige avtaler i underkant av 30 prosent. Mellom institusjonane med høge kandidattal ser det ikkje ut til å vere store skilnader i kor mange kandidatar med finansiering frå Forskningsrådet som får eit fjerde år. Blant avtaler med «anna eksterntfinansiering» som hovudkjelde er det større variasjon i avtalelengdene, noko som må sjåast i samanheng med at medisin og helsefag her utgjer ein relativt stor del. Det kjem nærare fram i neste kapittel.

Også blant avtaler finansiert over institusjonens egne budsjett er det fleire treårige enn fireårige avtaler (høvesvis 50 og 46 prosent). Her er skilnadene mellom institusjonane nokså store. Samla sett er konklusjonen likevel at totalbiletet for sektoren ikkje er heilt i samsvar med formuleringa i forskrifta om fire år som normal åremålsperiode.

Gjennomføring og tidsbruk

I dette kapittelet skal vi først sjå på gjennomføringstid på institusjonsnivå og for ulike fagområde og finansieringskategoriar. Deretter ser vi på gjennomføringstid i høve til lengda på doktorgradsavtala. Her er vi altså opptatt av kandidatar som har fullført doktorgraden. For å berekne gjennomsnitt tidsbruk er det naturleg å sjå fullføring i samanheng med fråfall. Men tidsbruken varierer mykje, og når er det rett å konstatere fråfall? Seks år etter oppstart har om lag 70 prosent av kandidatane fullført. Etter ti år er talet om lag 80 prosent. Deretter er det svært få som fullfører (Forskningsrådet, 2021). Ti år kan derfor vere ei rimeleg grense for fråfall. For vår berekning av gjennomsnittleg tidsbruk, inneber det at vi må avgrense utvalet til kandidatar med oppstart i 2010 og 2011. I vurderinga av gjennomføring i høve til lengde på avtalene kan vi nytte eit større utval årgangar.

Gjennomføringstid, institusjonar, fagområde og finansieringskjelder

I åra 2010 og 2011 blei 3140 personar tekne opp på doktorgradsprogram ved institusjonane som er med i utvalet. Ved utgangen av 2021 hadde 2536 av desse fullført doktorgraden. Gjennomsnittleg tidsbruk for alle kandidatar uavhengig av avtalelengde var 4,8 år (tabell 1). Kandidatar med treårig avtale brukte i gjennomsnitt 4,4 år, medan dei som hadde fireårig avtale brukte 5,1 år i gjennomsnitt.

Tabell 1 Disputerte kandidatar med opptaksår 2010 og 2011 etter planlagt avtalelengde. Gjennomsnitt tidsbruk, år


Planlagt avtalelengde	Kandidatar	Disputerte	Gj.snitt tidsbruk per kandidat, år
2 år	53	36	3,2
3 år	1489	1236	4,4
4 år	1244	1010	5,1
5 år	82	55	6,0
6 år	184	149	6,0
Andre avtalelengder	88	50	3,9
Totalsum	3140	2536	4,8

Medan samletabellen over omfattar alle avtalelengder, vil dei følgjande figurane berre vise kandidatar med tre- og fireårige avtaler. Det dekker likevel om lag 90


prosent av alle avtalene i utvalet. Også i fortsetjinga er populasjonen kandidatar tatt opp i åra 2010 og 2011 og som har fullført graden ved utløpet av 2021.

Figur 10 og figur 11 viser tidsbruk for kandidatar med høvesvis treårige og fireårige avtaler per institusjon. Blant universitet og statlege høgskular varierer tidsbruken frå 3,9 til 4,6 år for treårige avtaler og frå 4,6 til 5,6 år for fireårige avtaler.

Figur 10 Gjennomsnitt tidsbruk for disputerte kandidatar med opptak 2010 og 2011 og planlagt avtalelengde tre år. Per institusjon. År. Institusjonar med fleire enn fem kandidatar tatt opp 2010 og 2011




Figur 11 Gjennomsnitt tidsbruk for disputerte kandidatar med opptak 2010 og 2011 og planlagt avtalelengde 4 år. Per institusjon. År. Institusjonar med fleire enn fem kandidatar tatt opp 2010 og 2011




Ser vi på fagområde, følger ikkje tidsbruk i høve til avtaletid same mønster for treårige og fireårige avtaler (figur 12 og figur 13). Teknologi er likevel fagområdet med lågast tidsbruk for både treårige og fireårige avtaler. For kandidatar med treårige avtaler er tidsbruken klart høgast innanfor samfunnsvitenskap, og meir enn eit halvt år lenger enn innanfor humaniora. For fireårige avtaler, derimot, er tidsbruken innanfor humaniora noko høgare enn innanfor samfunnsvitenskap. Ut frå data aleine kan vi ikkje forklare denne variasjonen.

Figur 12 Gjennomsnitt tidsbruk for disputerte kandidatar med opptak 2010 og 2011 og planlagt avtalelengde tre år. Per fagområde. År




Figur 13 Gjennomsnitt tidsbruk for disputerte kandidatar med opptak 2010 og 2011 og planlagt avtalelengde 4 år. Per fagområde. År




Også når vi ser på gjennomsnittleg tidsbruk for disputerte kandidatar fordelt på finansieringskjelde, finn vi skilnader mellom treårige og fireårige avtaler. For treårige avtaler brukte kandidatar med finansiering frå Forskningsrådet noko kortare tid enn dei som var finansierte over eiga budsjettramme eller som var i kategorien «andre eksternfinansierte» (figur 14).

Figur 14 Gjennomsnitt tidsbruk for disputerte kandidatar med opptak 2010 og 2011 og planlagt avtalelengde tre år. Per finansieringsform. År



Mellom disputerte kandidatar med fireårige avtaler var rekkefølga endra (figur 15). Her var det kandidatar finansierte av eiga budsjettramme som brukte kortast tid på å fullføre.

Figur 15 Gjennomsnitt tidsbruk for disputerte kandidatar med opptak 2010 og 2011 og planlagt avtalelengde fire år. Per finansieringsform. År



Gjennomføring og opphavleg avtalelengde

For å vurdere gjennomføring i høve til opphavleg avtalelengde har vi tatt utgangspunkt i kandidatar med oppstart i perioden 2010–2016. Dermed fangar vi opp alle med inntil femårig avtale. I det følgjande presenterer vi tabellar og figurar som viser kor mange av dei som starta doktorgradsutdanning i denne perioden, som fullførte i løpet av avtaletida. Tilsvarende som ovanfor ser vi på institusjonsnivå, fagområde og finansieringskjelde. Her er det altså opphavleg avtaletid som gjeld, utan omsyn til permisjonar eller utvidingar av avtaletida.

Av kandidatar med oppstart i perioden 2010–2016 fullførte 15 prosent innan utløpet av opphavleg avtaletid (tabell 2). Tala har vore stabile i heile perioden. Tabell 3 viser at det er ein del variasjon mellom institusjonane når det gjeld gjennomføring i høve til avtaleperiode. Når det gjeld fagområde, er gjennomføringa lågare for humaniora og samfunnsvitskap (tabell 4) medan skilnadene mellom finansieringsformene er små (tabell 5).

Tabell 2 Kandidatar med oppstartsår 2010–2016. Totalt og prosentdel levert innanfor opphavleg avtaletid.

Opptaksår	Kandidatar	
	I alt	Av dei, levert innan opphavleg avtaletid
2010	1633	16 %
2011	1507	14 %
2012	1591	15 %
2013	1662	14 %
2014	1708	15 %
2015	1874	15 %
2016	1926	15 %
Total	11901	15 %

Tabell 3 Kandidatar med oppstartsår 2010–2016. Totalt og prosentdel levert innanfor opphavleg avtaletid. Per institusjon. Institusjonar med meir enn 10 kandidatar totalt.

Institu- sjon	Kandidatar	
	I alt	Av dei, levert innanfor opphavleg avtaletid
HiM	45	20 %
HINN	102	17 %
HVL	32	22 %
MF	57	18 %
NHH	130	22 %
NIH	88	14 %
NMH	55	11 %
NTNU	3028	15 %
NU	292	13 %
OsloMet	238	8 %
UiA	300	12 %
UiB	1897	15 %
UiO	3871	16 %
UiS	447	15 %
UiT	1032	13 %
USN	219	16 %
VID	60	22 %
Totalsum	11901	15 %

Tabell 4 Kandidatar med oppstartsår 2010–2016. Totalt og prosentdel levert innanfor opphavleg avtaletid. Per fagområde

Fagområde	Kandidatar	
	I alt	Av dei, levert innanfor opphavleg avtaletid
Humaniora	1117	12 %
Matematikk og naturvitskap	2599	16 %
Medisin og helsefag	4033	16 %
Samfunns- vitskap	2442	12 %
Teknologi	1710	16 %
Totalsum	11901	15 %

Tabell 5 Kandidatar med oppstart 2010–2016 per finansieringskategori og prosentdel levert innanfor opphavleg avtalelengde. Per finansieringskategori

Finansiering	Kandidatar	
	I alt	Av dei, levert innanfor opphavleg avtaletid
Andre eksternfinansierte	4576	15 %
Eiga budsjetttramme	5652	15 %
Norges forskningsråd	1673	13 %
Totalsum	11901	15 %

Forlenging av doktorgradsavtala – nettotid?

Korleis skal ein tolke at berre 15 prosent av alle doktorgradskandidatar fullfører innanfor avtaletida? Handlar det om misforhold mellom forventingar og rammer? Eller er opphavleg avtaletid eit lite relevant mål for vurdering av gjennomføring? Det er ei kjensgjerning at tida som ph.d.-kandidat gjerne fell saman med ein fase i livet der mange får barn. I kva grad kan fødselspermisjonar og andre rettmessige utvidingar av avtaleperioden forklare at så få kandidatar fullfører innanfor den tida som først blei avtalt?

Det har vore eit mål med denne gjennomgangen å vurdere gjennomføring i lys ikkje berre av den opphavlege lengda på avtalen, men også i eit «nettoperspektiv» der avtaletida også omfattar lovfesta permisjonar og dei utvidingane slike fører til. Men her er det grenser for kva datagrunnlaget opnar for. Gjennomføringsdata i Felles studentsystem (FS) inneheld ein variabel for «planlagd slutt». I tillegg har FS eit tidskontosystem for registrering av permisjonar og andre eventuelle forlengingar. På grunnlag av dette bereknar FS eit nytt slutt-tidspunkt, «berekna slutt». Dette tidskontosystemet er sett opp for å fastsette ei «nettotid», definert som «antal årsverk studenten har brukt på studiet minus alle permisjonar og anna tid som ikkje er brukt til studiet» (SIKT, 2022). Tidlegare plikta institusjonane å rapportere nettotid til DBH, men dette vart avvikla frå 2017, mellom anna på grunn av utfordringar med arbeidsmengde, kompleksitet og datakvalitet.

Sikt har utarbeidd ein FS-rutine for doktorgradsutdanning, som gjeld for UH-institusjonane i Noreg. Samstundes ser vi at institusjonane sjølve supplerer med egne rutinar tilpassa institusjonens prosessar og verksemd (UiB, 2022). Data frå feltet «berekna slutt» kan derfor ikkje utan vidare nyttast til å samanlikne på tvers

av institusjonar med tanke på eit nettotid-perspektiv. Også dei data vi har brukt her, tyder på at ikkje alle registrerer permisjonar og utvidingar på same måte. Vi har til dømes sett på kor mange månader kandidatane i gjennomsnitt har fått utvida avtaleperioden med, fordelt på institusjon. Hos dei store universiteta med høge kandidattal venta vi å finne relativt like tal, men skilnadene er store. Medan «berekna slutt» for kandidatane ved UiB og NTNU i gjennomsnitt var 19,8 og 19,0 månader etter planlagt slutt, var talet for UiO 13,2. Per i dag finst det derfor ikkje samanliknbare tall for nettotid på tvers av institusjonar. Det er derfor uråd å svare på spørsmålet som innleia kapittelet, om den låge gjennomføringsgraden i høve til opphavleg avtalelengde mest skuldast misforhold mellom forventningar og rammer eller permisjonar og andre avbrot frå studiet.

Fråfall i doktorgradsutdanninga

Som vi gjorde greie for over, er ti år ei rimeleg grense for å fastslå fråfall i doktorgradsutdanninga. Dette kapittelet viser fråfallet blant kandidatane som vart tekne opp i doktorgradsprogram i åra 2010 og 2011.

Tabell 6 **Feil! Fant ikke referanse kilden.** viser fråfall per institusjon. For dei tre største doktorgradsutdannande institusjonane er fråfallet omtrent det same, med 16 eller 17 prosent. Den siste institusjonen med eit tresifra tal kandidatane, UiT, skil seg frå disse med ein klart høgare fråfallsprosent. For institusjonar med færre kandidatane og i mange tilfelle kortare historie som doktorgradsutdannande institusjon, kan tala variere sterkt, og er ofte mykje høgare.

Tabell 6 Kandidatar med oppstart 2010 og 2011. Totalt og prosentdel som ikkje har disputert etter 10 år. Per institusjon. Sortert etter tal kandidatane. Institusjonar med fleire enn fem kandidatane 2010 og 2011

Institusjon	Kandidatar tatt opp 2010-11	Fråfall
UiO	1124	16 %
NTNU	827	17 %
UiB	525	17 %
UiT	260	24 %
UiS	89	21 %
NU	64	50 %
UiA	61	33 %
USN	47	49 %
NHH	36	25 %
NIH	24	4 %
OsloMet	23	13 %
MF	20	15 %
NMH	13	46 %
HiM	9	44 %
VID	8	38 %
HINN	6	50 %
Alle	3140	19 %

På fagområda er fråfallet temmeleg ulikt fordelt, slik det går fram av tabell 7.

Tabell 7 Kandidatar med oppstart 2010 og 2011. Prosentdel som ikkje har disputert etter 10 år. Per fagområde

Fagområde	Fråfall
Humaniora	29 %
Matematikk og naturvitskap	21 %
Medisin og helsefag	13 %
Samfunnsvitskap	24 %
Teknologi	16 %
Alle	19 %

Ser vi fråfallet i lys av finansieringskjelder, er skilnadene mindre (tabell 8).

Tabell 8 Kandidatar med oppstart 2010 og 2011. Prosentdel som ikkje har disputert etter 10 år. Per finansieringskategori

Finansiering	Fråfall
Andre eksternfinansierte	21 %
Eiga budsjettramme	19 %
Norges forskningsråd	16 %
Alle	19 %

Fråfallsprosenten er lågast for kandidatar finansiert gjennom Forskningsrådet og høgast i kategorien «andre eksternfinansierte». Det er naturleg å sjå det i samanheng med skilnadene mellom fagområde. Tabell 9 viser fråfallsprosenten for dei ulike fagområda fordelt på finansieringskategoriar. Frå tabellen ser vi at tendensen fagområda imellom i hovudsak er den same på tvers av finansieringskategori. Men vi ser òg at kategorien «andre eksternfinansierte» på alle andre område enn medisin og helsefag har høgare fråfallsprosent enn kandidatar finansiert gjennom eiga budsjettramme eller Forskningsrådet.

Tabell 9 Kandidatar med oppstart 2010 og 2011 fordelt på finansieringsform og fagområde. Totalt tal og fråfallsprosent

Finansiering	Fagområde	Kandidatar	Fråfall
Eiga budsjетtramme	Humaniora	208	27 %
	Matematikk og naturvitskap	311	20 %
	Medisin og helsefag	304	15 %
	Samfunnsvitskap	336	20 %
	Teknologi	244	16 %
	I alt	1403	19 %
Andre eksternfinansierte	Humaniora	93	37 %
	Matematikk og naturvitskap	204	25 %
	Medisin og helsefag	609	13 %
	Samfunnsvitskap	238	30 %
	Teknologi	82	22 %
	I alt	1226	21 %
Forskningsrådet	Humaniora	25	24 %
	Matematikk og naturvitskap	187	19 %
	Medisin og helsefag	100	10 %
	Samfunnsvitskap	82	20 %
	Teknologi	117	12 %
	I alt	511	16 %
Totalt		3140	19 %

Samstundes er nettopp medisin og helsefag den klart største gruppa kandidatar i kategorien «andre eksternfinansierte», og held vi dei utanfor, er fråfallet blant «andre eksternfinansierte» tett oppunder 30 prosent. Om vi slår saman kandidatar finansiert gjennom eiga budsjетtramme og Forskningsrådet, er fråfallet for alle fag unntatt medisin og helsefag til samanlikning 20 prosent.

Blant kandidatane i kategorien «andre eksternfinansierte» på andre fagområde enn medisin og helsefag er fråfallet høgst mellom dei som er oppført med «ukjend arbeidsgjevar». Her hadde 49 av 113 kandidatar, eller 43 prosent, ikkje fullført. Lågast var fråfallet bland kandidatar tilsette i helseføretak, her hadde berre fire av 46 kandidatar fråfall.

Rapportering og vidare oppfølging

Ein del av oppdraget frå Kunnskapsdepartementet var å vurdere om, og i så fall korleis institusjonane si rapportering til DBH om gjennomføring av doktorgrad bør endrast. Eit første steg er å inkludere opphavleg sluttdato i rapporten til DBH. Det er lagt opp til at feltet for opphavleg slutt blir fast del av rapporteringa til DBH frå og med oktober 2022. Her skal datakvaliteten vere uproblematisk, og kunnskap om avtalelengder er viktig for statistiske og analytiske formål og for forbedring og vidareutvikling av doktorgradsutdanninga. Endringa vil heller ikkje utgjere nokon byrde for institusjonane i arbeidet med rapportering.

Meir utfordrande er det å skulle endre rapporteringa for å fange opp kandidatane sin netto tidsbruk, altså tida frå start til slutt minus alle permisjonar og anna tid som ikkje er brukt til studiet. Institusjonane registrerer doktorgradsforløpet inkludert permisjonar og anna fråvær i eit tidskontosystem som reknar ut revidert sluttdato og som skal gjere det mogleg å fastslå netto tidsbruk. Frå oppstarten med individrapportering av avlagde doktorgradar i 2010 var dette ein del av rapporteringa til DBH. Men frå 2017 vart det fjerna fordi det var komplisert og arbeidskrevjande samstundes som datakvaliteten og dermed grunnlaget for samanlikning var usikkert. Arbeidet med denne rapporten tilseier at det per i dag er uvisse knytt til rapporteringspraksis, som kan variere både mellom og internt ved institusjonar.

Det ligg derfor ikkje utan vidare til rette for å gjeninnføre ei slik rapportering. Kunnskap om kva som påverkar tidsbruk og gjennomføring i doktorgradsutdanninga er likevel viktig for styresmakter og for institusjonane sjølve. Det er derfor viktig i den vidare dialogen mellom forvaltning og institusjonar å kome fram til ei god og effektiv registrering av data på tvers av institusjonane som også kan gi nasjonale tal.

Vedlegg – variabelliste og datahandsaming

To datafiler blei bestilte og mottekne frå Sikt – Kunnskapssektorens tenesteleverandør:

Fil med doktorgradsavtaler, aktive i perioden 2010–21	Fil med disputerte i perioden 2010–21	Merknad:
Institusjonskode	Institusjonskode	
Avdelingskode	Avdelingskode	Oppgir fakultet/institutt
Studieprogramkode	Studieprogramkode	
Stipendiatstilling	Stipendiatstilling	0=nei; 1=ja
Personløpenummer (institusjon)	Personløpenummer (institusjon)	Unikt for personen på institusjonen
Personløpenummer (på tvers)	Personløpenummer (på tvers)	Unikt for personen på tvers av alle institusjonane
Kjønn	Kjønn	
Dato for finansiering	Dato for finansiering	
Kode for finansieringskjelde	Kode for finansieringskjelde	EGEN/NFR/ANDRE
Finansieringskjelde – institusjonsnummer	Finansieringskjelde – institusjonsnummer	Hovudkjelda – for å kunne bryte ned ANDRE-kategorien
Vitenskapsdisiplin	Vitenskapsdisiplin	Kode for hovuddisiplinen; for ev. å utleie fagområde, saman med verdi for studieprogram og/eller fakultet/institutt
Arbeidsgjevar	Arbeidsgjevar	Hovudarbeidsgjevar. Oppgitt med institusjonsnummer.
Dato for planlagt slutt	Dato for planlagt slutt	Oppgir opphavleg sluttdato ved oppstart.
Dato for berekna slutt	Dato for berekna slutt	Justert/revidert dato.
	Dato for innlevering av avhandlinga	
	Dato for disputas	

Fila med avtaler hadde 42 291 observasjonar, men berre 29 658 unike kombinasjonar av institusjonskode og institusjonsspesifikt personløpenummer.

Fila med disputerte hadde 16 245 førekomstar, men berre 16 216 unike kombinasjonar av personløpenummer (på tvers) og dato for disputas.

Dei unike kombinasjonane over er lagt til grunn i undersøkinga.

Om behandling av datafilene

Filene blei lest inn for behandling og kontrollerte ved å sjekke alle kodar opp mot dei respektive kodeverka. Openberre feil som t.d. feil tusenår i dato blei retta opp.

Fila med avtaler hadde 42 291 førekomstar, men ein del av desse gjaldt same person på same doktorgradsprogrammet, med heilt like eller små variasjonar i opplysningane. Der same personen (identifisert med unikt løpenummer innanfor den aktuelle institusjonen) var ført opp to eller fleire gonger i avtalefila, blei førekomsten ved institusjonen med den nyaste finansieringsdatoen plukka ut. Dette blei gjort slik pga. det nyaste finansieringsdatoen er den som samsvarer best med dato for planlagt slutt. I dei tilfella der same personen hadde fleire førekomstar med same finansieringsdato, blei den med mest konkret opplysning om finansieringskjelde og arbeidsgjevar plukka ut.

I datafilene var finansieringskjelde og arbeidsgjevar angitt med institusjonsnummer. Desse blei for undersøkinga delt inn i kategoriane ved hjelp av institusjonsnamnet og landkoden i institusjonsregisteret:

Finansieringskjelde	Arbeidsgjevar
Norges forskningsråd	
Egen institusjon	Egen institusjon
Annen UH-institusjon	Annen UH-institusjon
Helseforetak/sykehus	Helseforetak/sykehus
Institutter	Institutter
Annen norsk institusjon	Annen norsk institusjon
Utenlandsk institusjon	Utenlandsk institusjon
Ukjent finansieringskilde	Ukjent arbeidsgiver

Lengde («varighet») på kvar avtale (dvs. unik kombinasjon av institusjonslokalt løpenummer og institusjonskode) blei berekna ved å telje dagar mellom dato for finansiering og dato for planlagt slutt, og dele på 365. Funksjonen DATEDIFF i SQL blei brukt til dette formålet.

Variabel (dvs. grov/enkel inndeling) for fagområde blei utleia ved å sjå på 2. siffer i NUS-koden på studieprogrammet; jf. Liste under. Teknologi blei skilt ut som eige fagområde ved hjelp av studiumkoden på studieprogrammet.

Humaniora
Matematikk og naturvitenskap
Medisin og helsefag
Samfunnsvitenskap
Teknologi

Der doktorgradskandidaten har disputert og levert avhandlinga (dato innlevering) før eller på dato for planlagt /berekna slutt, så blir dette rekna som levert innan høvesvis planlagt og berekna tid. Fila med avtaler blei kopla med førekomstane i fila for disputerte ved hjelp av personløpenummer, og dersom personen hadde disputert på same eller ein annan institusjon blei dette ført inn per avtale, saman med opplysning om det var innan planlagt/berekna tid.

I tråd med føresetnadene for utlevering av data sletter HK-dir mottekne filer etter å ha fullført prosjektet.

Referansar

Forskningsrådet. (2021). *Indikatorrapporten 2021*.

<https://www.forskningsradet.no/contentassets/5179666e9b894765b4c603df52622764/indikatorrapporten-2021.pdf>

SIKT. (2022, 29.03.2022). *Felles studentsystem. Et studieadministrativt system for universiteter og høyskoler i Norge*. SIKT.

<https://www.fellesstudentsystem.no/brukersider/brukerdok/doktorgrad/underbilder-i-soknad--og-student-samlebildet/tidskonto.html>

UiB. (2022, 05.08.2022). *Felles studentsystem (FS) for ph.d.-utdanningen*.

<https://www.uib.no/foransatte/98514/felles-studentsystem-fs-phd-utdanningen>

